



Referat

Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	10.juni 2022 kl. 10:00 – 13:00
Møtestad:	Tinghuset, Voss herad
Møteleiar:	Kjersti Nordanger (utvalsleiar)
Til stades:	Stein Johnny Heggestad (brukarrep.), Birger Lærum (Voss sjukehus), Grete Lill Hjartnes (HUS), Solrun Hauglum (Vaksdal), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord), Kjersti Nordanger (Voss), Åslaug Bøhn Botnen (Kvam), Åshild Sønsteby (Ulvik), Ida C. Eide Aabrek (brukarrep.), Madeleine B. Skjelde (Voss sjukehus), Frédéric E. Larsen (Voss DPS NKS Bjørkeli),
Fråfall:	Ragnhild Rykkje (fagforbundet), Randi-Luise Møgster (HUS); Britt Heidi Tefre (NSF),
Referent:	Elena Sandgathe (SSE) og Reidun Braut Kjosås (SSE)

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
21/22	Godkjenning av innkalling og saksliste Ingen merknader	
22/22	Formell godkjenning av referat fra møte 1-2022, 8. mars Det var ingen merknader til referatet fra møte 1-2022 SR Voss, 8. mars Som ei oppfølging av saker frå førre møte orienterte Helse Bergen om at Parkinson nett og grunnkurset er gjennomført med stor deltaking. Det er kome gode tilbakemeldingar på kurset. Det vert og sett opp nytt kurs fordi det var stor interesse for å delta (fleire som ikkje fekk plass).	
23/22	Covid-19 – orientering frå koordineringsgruppa og presentasjon av evaluering Kjersti Nordanger orienterte om status for arbeidet i koordineringsgruppa: Sjå til referatet frå førre møte – status ikkje endra etter det. Innspel som kom fram i møtet: <ul style="list-style-type: none">- Verdifulle møter som har bidrige med rettleiing og råd gjennom mange tøffe situasjoner.- Ein del smitte i institusjonane (sjukeheimar) og hos pasientar som er vaksinert og ikkje har vore smitta tidelegare. Kan det henda at det kjem ein ny variant?- Det er i snitt to inneliggande Covid-pasientar på Voss sjukehus til ei kvar tid.- Kort sjukdomsforløp og lite fråvær blant tilsette- Covid skal no handterast som eit vanleg smittsamt virus.	

24/22	<p>Referat frå møte i underutvala</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barn og unge <ul style="list-style-type: none"> ◦ møte 03.03.22 ◦ møte 19.05.22 • UFAB <ul style="list-style-type: none"> ◦ møte 08.03.22 • Rehabilitering <ul style="list-style-type: none"> ◦ møte 04.05.22 • Pleie og omsorg <ul style="list-style-type: none"> ◦ møte 10.05.22 <p>Merknader/Innspel som kom fram i gjennomgangen av referata:</p> <p>Voss herad hadde fråfall på 2 møter (rehabilitering og pleie og omsorg). Har fått på plass ein representant men manglar ein representant i pleie og omsorgsutvalet. Vaksdal skal stilla med ny representant i Pleie og omsorg utvalet til møte i juni.</p> <p>Voss sjukehus kommenterte innspel frå Eidfjord omkring medisinlister (frå sist referat). Dette vert jobba mykje med for at det skal vera sikkert. Kvar vert medisinlistene henta frå når pasienten vert lagt inn? Kjernejournal, og på papir? Innleggingsrapport vert brukt som informasjon når pasienten er innlagt i sengeposten. Pasientens legemiddelliste er eit spennande prosjekt og kjem til å avhjelpa dette problemet med samstemming og rett legemiddel på plass.</p> <p>Korleis blir det med underutvalet når ny organisering i Helsefellesskapet kjem i gang, og korleis blir fordelinga mellom utval og nettverk? Det er forventa ei endring i løpet av hausten.</p> <p>Det er ønskje om at «skrøpeleg eldre» ikkje vert nytta som namn på eit nettverk. Ber om at dette vert meldt tilbake til SSU. Det vert frå samarbeidsrådet peika på at omgrepet ikkje er treffande nok, samstundes som det er veldig konkret og beskrivande.</p> <p>Voss sjukehus melder at det er behov for opplæring og kursing i bruk av PLO meldingar</p>	
25/22	<p>Hospitering for pleiepersonell i Voss lokalsjukehusområde</p> <p>Madeleine Braastad Skjelde orienterte om saka.</p> <p>Innspel som kom fram i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eit kompetansebyggande tiltak for begge partar - Dekker kostnaden for hospitering hos begge partar. - Opplegg varer i 3 dagar - Fordeling etter storleik på kommunane. Behovet for hospitering vert kartlagt og deretter vert det laga ein plan for gjennomføring av hospitering. Det er viktig å ha eit godt og planlagt opplegg. - Historisk lite brukt, men tilskotet kan dekke utgiftene for vikar. Det blir på denne måten meir aktuelt å gjennomføra for kommunane. - Samarbeidsrådet har grei økonomi til å kunne dekka kostnadane - Viktig samhandlingstiltak - Stor vilje til å bruka pengar - Føremålet med ordninga: få større innsikt i kvarandre sine arbeidsoppgåver og forstå kvarandre betre. 	

	<ul style="list-style-type: none"> - Er det nokon annan måte å nytta pengane på? Skal pengane berre brukast på hospitering eller kan pengane nyttast på ein betre måte for å auka kunnskapen om kvarandre? - (Voss sjukehus) Skal også i gang med kveldsundervisning på tvers, noko som også kan gjennomførast på Teams. Gode tilbakemeldingar på kveldskurs - Rekruttering av sjukepleiarar blir meir og meir utfordrande. Kan ein tenke delt stilling med utdanningssektoren? <p>Vedtak</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukhusområde sluttar seg til forslaget om å gjenoppta ordninga med gjensidig hospitering for pleiepersonell i Voss lokalsjukhusområde.</p> <p>Budsjett for ordninga blir kr. 50 000 for 2022 og kr. 100 000 for 2023.</p> <p>Viktig å ha ei god evaluering om pengane er brukt rett og at målet med pengebruker er oppnådd.</p> <p>Oppdrag om evaluering vert gitt til underutvalet for pleie og omsorg. Det er eit ønskje om at dette vert fylgt opp i haust.</p> <p>Oppstart av hospitering vil skje til hausten, etter sommarferien for 2022 er avvikla.</p>	
26/22	<p>Samhandlingsprosjekt – Perinatal mental helse Voss 2022</p> <p>Frédéric André Eftevåg Larsen orienterte om prosjektet</p> <p>Frå diskusjonen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - rettleiingsgruppa og erfaringane frå arbeidet stiller spørsmål med korleis erfaringane frå dette arbeidet kan takast ut til dei andre kommunane og sikra godt samarbeid på tvers av tenestene. - Er det behov for eit avtaledokument for og sikra godt samarbeid på tvers av tenestene og aktørane? - Korleis kan sengepost/sjukhus inkludert (Somatikk) bli inkludert i denne gruppa slik at pasientar kan fangast opp tidleg? Fredric tar dette med vidare. - Viktig førebyggandetiltak frå starten av livet. 	
27/22	<p>Endring av representantar i ulike arbeidsgrupper og utval</p> <p>Vedtak:</p> <p>Del 1</p> <p>Samarbeidsrådet ber Eli Skeie frå Kvam herad om å gå inn som representant for Voss lokalsjukhusområde i arbeidsgruppa for kvalitetsforbetring av samhandling om ernæringsstatus og ernæringsoppfølging.</p> <p>Del 2</p> <p>Samarbeidsrådet ber Kristin Aase frå Ulvik herad om å gå inn som representant for Voss lokalsjukhusområde i arbeidsutvalet for Møteplassen.</p>	
28/22	<p>Deltaking i læringsnettverket gode pasientforløp</p> <p>Alle dei 18 kommunane i Helse Bergen sitt nedslagsfelt deltek. Helse Bergen (HUS) og Haraldsplass sjukhus er og med i læringsnettverket, men Voss sjukhus manglar. Kommunane i regionen har eit ønskje om at Voss sjukhus melder seg på og deltek.</p> <p>Grete Lill orienterer om prosessen og Helse Bergen si deltaking. Helse Bergen deltek med sitt forbetringsprosjekt (prosjekt om inn og utskriving). Tanken er at Voss sjukhus</p>	

	<p>deltek i dette arbeidet. Birger Lærum frå Voss sjukehus ønskjer å ta del i læringsnettverket om gode pasientforløp.</p> <p>Målet me prosjektet er samhandling. Samhandlinga går på tvers av sjukehus og kommunane. Det var semje om at kommunane tek kontakt med sjukehuset når dei er klare og ønskjer involvering frå lokalsjukehuset.</p> <p>Det er eit ønskje frå SR at orienteringar om arbeidet i dette læringsnettverket vert teke inn i framtidige møter i områdeutvalet. I neste møte blir det ein kort orientering frå alle prosjekta i regionen.</p>	
29/22	<p>Orientering frå partane</p> <p>Vaksdal</p> <ul style="list-style-type: none"> - Jobbar med nybygget. Slit med å ta imot pasientar fordi to rom må haldast ledige. - Smitte er opp og ned. Ikkje så mykje fråvær av denne grunn. - Vanskar med å få på plass sommabemanningsa - Har tatt imot flyktningar. - Legebemanningsa er grei. <p>Voss</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rekrutteringsutfordringar både sjukepleiarar og legar. - Endringar i tenesta blir føreslått. - Mål er å ferdigstilla IKL utredning. - Kvar skal legevaka vera? Arbeider på tvers for best mogleg løysingar. Legane er betenkta over at dei skal flytta. - Kjøkkenet står klart til hausten. <p>Ulvik</p> <ul style="list-style-type: none"> - Mykje tid går med til sommarplanlegging og flyktningar. Krevjande p.g.a. ein del fråvær blant sommarvikarar. <p>Eidfjord</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sommarplanlegginga går fint, men krevjande å få på plass legedekninga. - Kommunen har teke imot 11 flyktningar. Det er tilsett ein koordinator ut året. - Jobbar med fast plass for rus og psykiatri - Ingen Covid smitte, men reknar med det fort kan koma. <p>Kvam</p> <ul style="list-style-type: none"> - Turnus og ferieavvikling har stort fokus. Leiarane brukar mykje tid for tilrettelegging av turnusar. Andre oppgåver blir nedprioritert. - Vikarbyrå kan ikkje levera. NSF aksepterer ikkje den nasjonale avtalen om å jobba meir i sommar mot tillegg. Har vore krevjande. Det er behov for store endringar for å imøtekome rekrutteringsutfordringar framover. - Ny organisering skal evaluerast til hausten - Krevjande med legebemanningsa. Ønskje om reduserte lister og fleire permisjonar utfordrar oss. - Samarbeidsstruktur for LIS1: ser at Kvam ikkje har fått tildelt LIS1 nå i fleire rundar. LIS1 takkar nei. Det er eit problem. Kommunen ønskjer å vera med i rekrutteringsprosessen slik at dei kan rekruttera LIS1 til kommunane. Kvam synes at særavtalen har en veldig liten verdi. Eidfjord har same problem. Dei får ikkje LIS1 der heller. Ønskjer at avtalen vert revidert. - Me har teke imot 18 flyktningar. Har politisk vedtak om å ta imot 95 stk.. 	

	<ul style="list-style-type: none"> - Bygger Strandebarm Omsorg med heildøgnspllassar. Ferdig på nyåret. <p>Helse Bergen (HUS)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ny leiar i MFU: Hege Tønnesen. - Nye og betre akuttstrøm for Hoftebrotpasientar. - Pasientar aust for Ulriken blir køyrt rett til VOSS utan å koma innom skadepoliklinikken. Dette gjeld om lag 30 – 40 pasientar i året. Endringa skjer frå 15. august. <p>Helse Bergen (Voss)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Høgt belegg. Nokre problemstillingar knytt til utskrivingsklare til tider. Godt samarbeid med HB rundt spesialistar og legar. - Jobbar med nye Voss sjukehus, fleire i organisasjonen er involvert. Skal i gang med organisasjonsutvikling - Planlegg sommarferien: <ul style="list-style-type: none"> o tar ned den kirurgisk, den elektive verksemda. o redusert drift på ØH-aktivitet o medisinskavdeling er uendra - Krevjande å rekruttera sommarvikarar. Tilsett vikarar i 100% faste stillingar - Krevjande å rekruttera erfarte LIS2. Ikkje nok LIS1 stillingar. Sjukehusa treng LIS2 og 3. Overraskande at det ikkje vert gitt fleire LIS1 stillingar. <p>Bjørkeli</p> <ul style="list-style-type: none"> - Auka tal henvisingar - Har ingen problem med å rekruttera legar - Slit med å rekruttera psykolog spesialistar - Erfarer at legane er opptatt av arbeidsvilkår og arbeidspress. Heller det enn lønn. - Nytt frå Helse Vest: Avtalespesialistane skal ikkje ta imot henvisingar direkte frå fastlegane. <p>Andre</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det var innspel frå brukarrepresentanten om at det blir bra å få meir plass på Voss sjukehus 	
30/22	<p>Handlingsplan 2022</p> <p>Det var ingen merknader til status for handlingsplanen.</p> <p>Samarbeidsrådet støttar forslaget om både ein kvantitativ og kvalitativ undersøking i høve evaluering av avtalen om samarbeid ved pandemisk influensa (punkt 1.1 på handlingsplanen).</p>	
31/22	<p>Etablering av Helsefellesskap</p> <p>Kjersti Nordanger og Åshild Sørstebø presenterte status for arbeidet og vegen vidare. Vedlagt presentasjon oppsummerer dette.</p> <p>Alle kommunane har skrive sak om endring av overordna avtale. Saka vert handsama i kommunestyra i løpet av juni og Helse Bergen har saka oppe til styret i føretaket.</p> <p>Helse Bergen orienterte om at det blir 4 representantar frå føretaket i Områdeutvalet for Voss. Representantane avspeglar dei fire prioriterte gruppene samt samhandlingsområdet.</p> <p>Kommunane i jobbar med å finna representantar til SSU og OU.</p>	

	Frå samarbeidsrådet er det ønske om eit felles oppstartsmøte.	
32/22	<p>Felles e-læringsprogram for å spreie bevisstheit, kunnskap og kompetanse Elena Sandgathe SSE orienterte om saken (sjå vedlagt presentasjon) Det var ingen konkrete innspel til saka.</p> <p>Vedtak Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde takker for statusoppdateringa og tek saka til orientering.</p>	
33/22	<p>Digital samhandling Kristin Brekke frå Bergen kommune orientert om det digitale landskapet (sjå vedlagt presentasjon).</p>	
34/22	<p>Pakkeforløp Kreft heim Grete-Lill Hjartnes (Helse Bergen) og Tone Steinfeldt (Askøy kommune) orienterte om korleis Askøy kommune har planlagt for Pakkeforløp kreft heim.</p> <p>Kommunane kan gjerna ta kontakt med Askøy kommune ved Tone Steinfeldt om dei har spørsmål knytt til denne tematikken.</p> <p>Vedtak Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde takker for orienteringa og har følgjande innspel til helsefellesskapet sitt vidare arbeid med Pakkeforløp kreft heim:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er eit ønske om å setja ned ei arbeidsgruppe på tvers. <ul style="list-style-type: none"> o Pakkeforløp skapar stor forventningar hos pasientane. Korleis sikra same informasjon til pasient og pårørande? o Viktig å nytta kartleggingsverktøy for å sikra rett informasjon. Dette bør vera tema i arbeidsgruppa. - Saka bør inn på Handlingsplanen 	
35/22	<p>Innleggingsrapport som første melding Grete Lill orienterte om saka.</p> <p>Vedtak Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til at det vert sett ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe slik det er skissert i saka.</p>	
36/22	<p>Evaluering av toppleiarmøtet 2022</p> <p>Vedtak Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde takker for orienteringa knytt til evalueringa etter Toppleiarmøtet 2022.</p>	
37/22	<p>Eventuelt Det var ingen saker til eventuelt</p>	